

VEDLEGG TIL ENDRINGSSØKNAD

I godkjent hyttesøknad er det vedlagt innteikna hytte med tomtegrenser tatt ut frå matrikkelen. Det er Anko AS som har målt inn hytta. Her viser det blant anna at hytta skal stå 13,9 meter frå nordleg tomtegrense.

Medan gravearbeidet pågjekk, kom grunneigar på gbr/bnr 89/6 og fann to grensemerker i stein ved nordleg grense. Sjå stipla linje på nytt kart vedlagt.

Ved ny måling av koordinater for hytta, såg ein at hytta no ligg veldig nærme grensemerka som grunneigar på 89/6 fann, denne er 10 meter i frå grensa i matrikkelen.

Mykje av grunnarbeidet er alt gjort. For å unngå og måtte grave og skyte meir med dei tilleggskonstnadene det vil medføre har me enno ein gong fått målt inn nye koordinater for hytta, slik at ferdig planert område kan brukast. Plasseringa er no 9,36 meter frå grense i stein, og 19,36 meter frå nordleg grense i forhold til matrikkelen. Dette har medført mykje ekstra tid og arbeid.

Anko AS, som har målt inn ny plassering, fortalte at utifrå deira erfaring kan det ha oppstått feil når kommunar digitaliserte grenser.

Me ønskjer at kommunen kan gje eit svar på kva grense som er korrekt. Dersom kommunen har feil i sine grenser, ber me om å sleppe og betale for ny søknad, samt at ekstraplattformene me no har hatt vert dekkja.

Med venleg helsing

Torunn Keilegavlen Friis og

Harald Schrøder Friis